

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 166/2020**

2023/EØS/66/21

av 23. oktober 2020

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/519 av 3. april 2020 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for avfallshandteringssektoren i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala, etter nr. 1eap (kommisjonsavgjerd (EU) 2019/63), skal nytt nummer lyde:

”1eap. **32020 D 0519**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/519 av 3. april 2020 om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for avfallshandteringssektoren i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (EUT L 115 av 14.4.2020, s. 1).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2020/519 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. oktober 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. oktober 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

⁽¹⁾ TEU L 115 av 14.4.2020, s. 1.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.